

# Klinisk etikkomité

## Årsmelding 2023

### Innholdsfortegnelse

<b>Innhold</b> .....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
<b>Medlemmer og sekretariat i 2023</b> .....	<b>2</b>
<b>Møte i 2023</b> .....	<b>3</b>
<b>Metode</b> .....	<b>3</b>
<i>7-trinns etisk analyse</i> .....	3
<b>Saker i 2023</b> .....	<b>4</b>
<b>Kompetanseuke blant tilsette</b> .....	<b>4</b>
<b>Forskning/anna aktivitet</b> .....	<b>7</b>
<b>Økonomi</b> .....	<b>7</b>
<b>Mål for 2024</b> .....	<b>7</b>
<i>Overordna:</i> .....	7
<i>Formidling:</i> .....	8
<b>Etikk-kafé:</b> .....	8
<i>Kompetanseauking blant medlemmene i KEK:</i> .....	8

## Medlemmer og sekretariat i 2023

**Ingrid Miljeteig**, leiar av KEK. Spesialrådgjevar, Seksjon for presteteneste og etikk, Forskings- og utviklingsavdelinga (50% stilling). Lege og professor i medisinsk etikk ved Bergen senter for etikk og prioritering, Universitetet i Bergen (UiB)

**Sindre August Horn**, sekretær i KEK (20% stilling). Lege og stipendiat i medisinsk etikk ved Institutt for global helse og samfunnsmedisin, UiB. Rådgjevar ved Seksjon for presteteneste og etikk, Forskings- og utviklingsavdelinga

**Helge Alsaker Solheim**, nestleiar i KEK. Sjukehusprest, Seksjon for presteteneste og etikk, Forskings- og utviklingsavdelinga.

**Anne Kristine Breivik**, jurist, Føretakssekretariatet.

**Everline Konyo Mjømen**, brukarrepresentant frå Brukarutvalet.

**Cathrine Sivertsen**, spesialfysioterapeut, Fysioterapiavdelinga, Ortopedisk klinikk og Nasjonalt brannskadesenter.

**Frode Lindemark**, overlege, Lungeavdelinga.

**Anne Blystad**, intensivsjukepleiar på Nyføddintensiv, Barne- og ungdomsklinikken.

**Siren Skrede**, seksjonsleiar ved Fertilitetssenteret, Kvinneklinikken.

**Øyvind Steier**, overlege ved Avdeling for alderspsykiatri, Divisjon psykisk helsevern. Medlem frå 01.08.2023.

**Annbjørg Hausken**, sjukepleiar ved Nevrologisk avdeling. Medlem frå 01.08.2023.

**Wenche Listøl**, genetisk rettleiar og onkologisk sjukepleiar, Avdeling for medisinsk genetikk, Laboratorieklinikken. Medlem inntil 31.08.2023.

**Helge Asbjørnsen**, overlege på Luftambulansen og Traumesenteret, Kirurgisk serviceklinikk. Medlem inntil 01.11.2023.

**Leila Hodali**, overlege Kronstad DPS, Divisjon psykisk helsevern, og allmennlege. Medlem inntil 31.08.2023.

Frå 01.01.2024 trer Kristian Jansen frå Bergen kommune inn som nytt medlem av KEK Helse Bergen. Jansen er overlege i kommunalt palliativt team i Bergen, teamoverlege i Enhet for sykehjemsmedisin, Bergen Kommune og førsteamanuensis, Institutt for Global helse og samfunnsmedisin, Universitetet i Bergen. Komiteen får ny sekretær, Audun Brendbekken fra 01.02.24. Brendbekken er utdanna lege og er PhD-stipendiat ved Bergen senter for etikk og prioritering, UiB.

## Møte i 2023

Komiteen har hatt faste møte kvar måned fastsette til 2,5 time, bortsett frå i juli og august. Komiteen møtast som hovudregel på onsdagar klokka 1300 til ordinære møte i møterommet til Fysioterapiavdelinga på Armauer Hansens hus. Det har også vore enkelte hastemøte der ikkje heile komiteen har vore samla. Arbeidsutvalet til komiteen som består av Ingrid Miljeteig (leiar), Sindre A. Horn (sekretær), Anne Kristine Breivik (jurist) og Helge Alsaker Solheim (nestleiar) har hatt møte kvar andre veke for å planleggje møta til komiteen og førefallande komitéarbeid.

## Metode

Ved handsaming av saker strevar komiteen etter å møte involverte partar i saka, også pasient og/eller pårørande. Vi legg opp til at alle som kan informere komiteen om saka møter samtidig når det lèt seg gjere. I dei sakene der dette ikkje er mogleg, strevar komiteen etter at enkelte av medlemmene møter pasient eller pårørande dersom dei ønskjer det, eller snakkar med dei på telefon i forkant.

Alle som blir inviterte til komiteen blir i forkant av møtet informert skriftleg og munnleg om komiteen og komiteen sin funksjon og arbeidsmåte. Alle involverte partar som har møtt komiteen får tilsendt notatet frå komiteen og blir gitt høve til å ta kontakt med komiteen om noko er uklart. Behandlingsansvarleg lege eller kontaktperson i den kliniske eininga får ansvar for vidare handsaming av det ferdige notatet, inkludert å leggje det i journalen til pasienten i dei tilfella der det er aktuelt.

For drøfting av sakene bruker vi vanlegvis ein 7-trinns etisk analyse.

### 7-trinns etisk analyse

Før analysen må komiteen ha nok informasjon til å kunne svare på dei sju spørsmåla. Denne informasjonen blir innhenta på førehand, i møta og eventuelt også i etterkant.

1. Kva er det etiske dilemmaet og kva er alternative løysingar?
2. Kva er kunnskapsgrunlaget for alternative utfall?
3. Kva lover og retningsliner regulerer avgjerdene?
4. Kven er involverte partar?
5. Kva er eventuelle gode og byrder for involverte partar?
6. Kva for og kven sine interesser er i konflikt?
7. Kva verdiar og prinsipp står på spel?

Etter å ha systematisert informasjonen gjennom desse sju spørsmåla kan komiteen diskutere kva som er viktigast å leggje vekt på, klargjere avvegingar og føreslå kva som kan vere ei etisk akseptabel løysing eller løysingar i saka. Dette kan formulerast som eit råd dersom det blir etterspurd. Andre gonger er komiteen først og fremst ønskt som ein uavhengig møtestad eller ein upartisk diskusjonspartnar, der komiteen bidreg med å stille spørsmål, lytte og systematisere kva som står på spel og kva handlingsalternativ ein har.

## Saker i 2023

Ordinære saker har vore handsama med heile komiteen i dei oppsette, månadlege møta. Hastesaker er saker med involvering av KEK den same eller etterfølgjande dagen og med svar frå KEK innan 0–2 dagar. I hastesaker er det vanskeleg å samle heile komiteen på kort varsel, men fleire av medlemmene i komiteen har likevel hatt høve til å møte.

Ved inngongen til 2023 hadde vi to pågåande saker som ikkje var ferdighandsama, innmeldt frå Barne- og ungdomsklinikken og Voss sjukehus. Begge desse sakene blei avgjorde utan at endeleg råd frå KEK blei førespurt.

I 2023 har komiteen handsama fem ordinære saker og ei hastesak. I tillegg har det vore ei rekke førespurnader frå klinikarar om råd til vidare avgjersler og prosesser utan at dette har leidd til sak i komiteen. Årsakene til at desse sakene ikkje kjem vidare til komiteen varierer. Fleire saker har blitt handsama ved at heile eller deler av arbeidsutvalget og eventuelt eit eller to medlemmer har deltatt i møter med tilsette som skal ta ei krevande avgjersle. I desse møta gjer vi ikkje råd, men bidreg med spørsmål, refleksjon og avgjerslestøtte. Dette kan vi bidra med på svært kort varsel. Andre gonger kjem ikkje saka vidare til komiteen fordi saka endras før saka kjem så langt eller vi kan rettleie i bruk av retningslinjer eller tilvising til andre (til dømes juridisk hjelp). Saker som er under handsaming hos til dømes Statsforvaltaren avventar KEK med å gå inn i til saka er ferdigbehandla der. Komiteen har fått fleire direkte førespurnader frå pasientar og pårørande dette året. Fleire har vore frå inneliggande pasientar med psykisk sjukdom.

Følgjande einingar i Helse Bergen har kontakta KEK med saker som har vore handsama i heile komiteen: Nyfød dintensiv, Intensiv (Kirurgisk serviceklinikk), Avdeling for medisinsk genetikk, Kreftavdelinga, Klinikk for alderspsykiatri og Klinikk for psykiatri.

Råd frå KEK er ikkje juridisk bindande, og det er ikkje i alle saker at råd frå KEK blir tekne til følgje. Ei av sakene i 2023 var eit døme på dette.

## Kompetanseauke blant tilsette

### Januar

16. Januar: Etikk refleksjonsgruppe med lungelegar leia av Helge Alsaker Solheim og Ingrid Miljeteig

28. Januar: "Prioritering og beslutningskompetanse", undervisning for masterstudenter i kardiologisk sykepleie. Ingrid Miljeteig

30. januar: "Etikk i klinikk. Prioritering. Hvordan få til gode beslutningsprosesser, styrke resiliens og etisk kompetanse som lege og leder?" Undervisning i Felles kompetansemål (FKM) for LIS3 ved KEK-leder Ingrid Miljeteig

### Februar

24. Februar: Undervisning for leger på medisinsk avdeling, del 1: "Prioritering og etikk" . Ingrid Miljeteig

## **Mars**

- 22. Mars: "Etikk i akutte situasjoner" på OK-programmet ved Helge Alsaker Solheim
- 23. Mars: "Ethiske dilemma, prioritering og KEK" Undervisning for legene på nevrokirurgisk avdeling. Ingrid Miljeteig
- 24. Mars: "Hva vi snakker om når vi snakker om prioritering" Foredrag for nivå 2 og nivå 3 ledere. Ingrid Miljeteig
- 30. Mars: Etikk refleksjonsgruppe med lungelegar leia av Helge Alsaker Solheim og Ingrid Miljeteig

## **April**

- 19. April: "Moralsk stress og resiliens" internundervisning for sjukepleiere på Hjerteavdelingen ved Helge Alsaker Solheim
- 27. april: Etikk refleksjonsgruppe med lungelegar leia av Helge Alsaker Solheim og Ingrid Miljeteig

## **Mai**

- 5. mai: "Hva vi snakker om når vi snakker om prioritering" Foredrag og interaktiv undervisning på Øyeavdelingen sin fagdag
- 5. mai: "Hva vi snakker om når vi snakker om prioritering" Undervisning for legene på hjerteavdelingen. Ingrid Miljeteig
- 12. Mai: "Moralsk stress, etikk og prioritering" Undervisning for legene på kirurgisk og ortopedisk avdeling, Haraldsplass Diakonale Sykehus. Ingrid Miljeteig
- 25. Mai: Etikk refleksjonsgruppe med lungelegar leia av Helge Alsaker Solheim og Ingrid Miljeteig

## **Juni**

- 2. juni: "Prioritering, etikk og klinisk etikkomité sitt arbeid" Seminar for leiarar, tillitsvalde, verneombud ved Rehabiliteringsklinikken. Ingrid Miljeteig
- 2. juni: "Etikk i klinikk". Undervisning, Felles basiskurs for LIS2 og 3 i Felles kompetansemål (FKM) ved KEK-nestleiar og sjukehusprest Helge Alsaker Solheim
- 6. juni: "Å møte sorg hos pasienter, pårørende og helsearbeidere- etiske, organisatoriske og personlige utfordringer." Klinisk etikkomité arrangerte i samarbeid med Kompetansesenter i lindrende behandling åpent seminar for alle ansatte om sorg og etiske utfordringer. Hovedforedragsholder var Sue Morris, verdenskjent sorgforsker fra Harvard University.
- 10. juni: Undervisning for leger på medisinsk avdeling, del "Behandling eller ikke? Analyse av et dilemma" Frode Lindemark og Ingrid Miljeteig

## **August**

- 16.august: "Ethiske dilemma du kan møte som helsepersonell ved utreise til lavinntekts land". Seminar for ansatte som skal jobbe ved sykehus i Malawi, Sør-Afrika, Etiopia og Zanzibar. Ingrid Miljeteig
- 30. august: "Moralsk stress – hva er det, hvordan kan vi hindre at ansatte blir syke av det og hvilken rolle kan vernetjenesten ha i å hindre at ressursmangel fører til moralsk stress?" Foredrag for alle tillitsvalde og verneombod i Helse Finnmark ved KEK-leder Ingrid Miljeteig
- 30.august: Vegleing etikk og kommunikasjon, sjukepleiarar Kreft pol., Helge Alsaker Solheim
- 30. august: Moralsk stress og etiske utfordringer. Foredrag på samling for verneombud i Helse Finnmark, Kirkenes. Ingrid Miljeteig

31.august: Etikk refleksjonsgruppe med lungelegar leia av Helge Alsaker Solheim og Ingrid Miljeteig

### **September**

11. september: "Etiske vurderinger i akutte situasjoner". Førellesning for sjukepleiestudentar ved VID vitskapelige høgskule ved Sindre A. Horn

13. september: "Etiske dilemma, moralsk stress og behovet for robusthet i møte med prioriteringsutfordringar." Føredrag for alle tillitsvalde og verneombod i Helse Vest, Sola Strandhotell ved KEK-leiar Ingrid Miljeteig

21. september 09.00-15.30: Prioritering på agendaen. Dagsseminar med ulike føredrag, paneldiskusjonar og samtaler om prioriteringsutfordringar i helsevesenet. Gratis og ope arrangement i Alrek helseklynge og Bikuben. KEK var ansvarleg for arrangementet i Bikuben og bidrog med fleire foredrag og møteleiing. Ingrid Miljeteig og Sindre August Horn frå KEK heldt innlegg om alvorlegheitskriteriet og helseprioriteringar.

27. September: Vegleiing etikk og kommunikasjon, sjukepleiarar Kreft pol., Helge Alsaker Solheim

28.september: Etikk refleksjonsgruppe med lungelegar leia av Helge Alsaker Solheim og Ingrid Miljeteig

29.september: "Etikk i klinikk". Undervisning, Felles basiskurs for LIS2 og 3 i Felles kompetansemål (FKM) ved KEK-nestleiar og sjukehusprest Helge Alsaker Solheim

### **Oktober**

6. oktober: Undervisning for leger medisinsk avdeling, del 3. Tema: Prioriteringsdilemma 2033.

24.oktober. Etisk refleksjon med tilsette Regional avdeling spiseforstyrrelser. Helge Alsaker Solheim og Ingrid Miljeteig

25.oktober: "Etikk, prioritering og ledelse" Undervisning for LIS 3. Ingrid Miljeteig

25.oktober: Vegleiing etikk og kommunikasjon, sjukepleiarar Kreft pol., Helge Alsaker Solheim

### **November**

2. november: Etikk refleksjonsgruppe med lungelegar leia av Helge Alsaker Solheim og Ingrid Miljeteig. Tema: openheit om prioriteringar

3. november: Undervisning for legar på medisinsk avdeling, del 4: Openheit om prioriteringar

3. november: Nevroklinikkens fagdag. Føredrag om prioritering og moralsk stress ved Ingrid Miljeteig

15. november: Samling med føretaksverneomboda i Helse Bergen. Undervisning og refleksjon. Tema: Prioritering og moralsk stress. Ved Ingrid Miljeteig

16.-17. november. Nasjonalt årleg seminar for klinisk etikkomitear i Noreg. KEK-medlemmer frå Helse Bergen bidro med føredrag ved Ingrid Miljeteig. Miljeteig, Helge Alsaker Solheim og Annbjørg Hausken deltok frå KEK Helse Bergen.

22. november: "Etikk i akutte situasjoner" på OK-programmet ved Helge Alsaker Solheim

### **Desember**

14.desember: Etikk refleksjonsgruppe med lungelegar leia av Helge Alsaker Solheim og Ingrid Miljeteig

18. og 19. desember: "Ethiske val" undervisning for LIS 1 ved Helge Alsaker Solheim  
20. desember: Vegleing etikk og kommunikasjon, sjukepleiarar Kreft pol., Helge Alsaker Solheim

## Forsking/anna aktivitet

Melberg A, Miljeteig I. **Den gyldne regel for prioritering av rusbehandling og psykisk helsevern – en kvalitativ studie.** Tidsskr Nor Lægeforen. 2023 Nov 6;143(16)

Miljeteig I, Førde R, Rø KR, Bååthe, F, Bringedal B. **Resource conflicts leading to moral distress: A longitudinal study among physicians in Norway**  
medRxiv 2023.09.29.23295833; doi: <https://doi.org/10.1101/2023.09.29.23295833>

Leiar i komiteen er medlem i den nyoppretta "Clinical ethics working group" i Verdens Helseorganisasjon som skal laga anbefalingar og retningslinje for kompetanseauke, støttfunksjonar og struktur for klinisk etikk-arbeid i ulike land.

Leiar i komiteen leiar ekspertgruppa "[Åpenhet om prioriteringer](#)" utnevnt av Helse- og omsorgsdepartementet. Ein del av mandatet er å utreie forslag til korleis ein kan øke kunnskap og kompetanse om prioritering blant helsepersonell og befolkninga.

Helge Alsaker Solheim og Ingrid Miljeteig er medlem av Nasjonal Forskingsetisk komité for medisin og helsefag ([NEM](#))

## Økonomi

Lønn til leiar Ingrid Miljeteig (50% stilling).

Lønn til sekretær Sindre August Horn (20% stilling)

Blomar til avtrådde medlemmar og kake til høvet på møte i september

Konferanseavgift for Ingrid Miljeteig og Helge Alsaker Solheim på haustseminaret til Kliniske etikkomitear.

## Mål for 2024

### Overordna:

Komiteen fekk i 2023 gode erfaringar med å tilby å møte saksinnmeldar og eventuelt andre raskt etter at dei tok kontakt, enten i eige møte eller at fleire fra arbeidsutvalget og eventuelt andre komité medlemmer deltok i allereie planlagte møter i teamet. I desse sakene har vi ikkje gjort ei full etisk drøfting og kommer med råd, men bidreg med innspel, spørsmål og rettleiing i saka. Vi ønsker å fortsette med dette og planlegg å følge opp med evaluering av endringa i 2024.

Vi ønsker å gjere komiteen kjent blant fleire tilsette og vil ta kontakt med avdelingar vi ikkje har hatt mykje kontakt med i det siste for å undersøke om dei har innspel til oss, er interessert i undervisning eller har utfordringar dei ønsker å få drøfta.

### Formidling:

I 2024 vil vi prøve ut ein annan måte å formidle til tilsette. Vi har erfart at det kan vere vanskeleg for tilsette å delta på seminar ein halv dag, og vi prøver derfor med kortare møte i lunsjtida. I samarbeid med Seksjon for presteteneste og etikk vil KEK i vår arrangere fem “etikk-kaféar” fra 12-13 i auditoriet i Glassblokkene. Vi inviterer ulike gjester til å innleie om eit aktuelt tema som handlar om verdiar og etiske utfordringar og så blir det open dialog med publikum.

### Etikk-kafé:

20. Februar - Vi tar utgangspunkt i Abortutvalgets utredning, NOU 2023:29 Abort i Norge - Ny lov og bedre tjenester og har invitert biskop Ragnhild Jepsen, overlege på KK Elham Baghestan og postdoktor ved UiB Marte E. S. Haaland til samtale om utvalets forslag til endringar av dagens abortlov.

21. Mars – Hvor langt bør helsepersonell strekke seg? Forskning viser at helsepersonell strekker seg langt for å unngå at pasienter skal få dårligere helsetilbud, må vente lenger eller ikke skal føle seg hørt. Samtidig er det ulike syn på om helsepersonell har en ekstra plikt til å utsette seg for potensielt helseskadelige arbeidsforhold. Gjester i samtale om plikt og egenivaretagelse er forsker, kliniker fra somatisk avdeling og fra psykiatrisk klinikk

25. April - “Usikkerheit i etiske avgjersler” Onkolog og professor i palliativ medisin [Paul KJ Han](#) frå National Cancer Institute, USA er på vitjing på Lungeavdelinga/UiB i april og vi inviterer til halvdagsseminar med han og fleire andre. Han har skreve boka “[Uncertainty in Medicine - A Framework for Tolerance](#)”

29. Mai - “Bør vi prioritere ned behandling som kan ha helsegevinst for pasientar for å redusere helsetenesta sitt stadig større klimaavtrykk?” Samtaler med utgangspunkt i rapportane/HDir sine forpliktingar, Helse Bergen initiativ og lege og klimaekspert Anand Bhopal.

20. Juni – “De etiske utfordringane knytt til bruk av tvang i somatisk behandling (§ 4A)”. Mange av sakene til KEK handlar om tvil rundt bruk av somatisk tvang. Vi tar utgangspunkt i nokre slike saker og drøfter dem med kliniker, jurist og KEK-medlem.

### Kompetanseauking blant medlemmene i KEK:

Komiteen har fått fleire nye medlemmer og vil ha eit ekstra møte for desse med opplæring i metoden vi bruker for å analysere sakene våre.

Internseminar (1 dag) i juni. Tema er enno ikkje bestemt.

Deltaking på det Nasjonale klinisk etikkomité-seminaret i 14-15. November i Oslo. Så mange som mogleg bør delta.